



2. november 2012

Hei!

Har du lyst å vere med på noko spennande?

Då inviterer vi deg til LysVaken laurdag 17. til søndag 18.november i Dalsfjord kyrkje.

Saman med andre 11- og 12 åringar frå Dalsfjord, Kilsfjord og Austefjord sokn, og nokre vaksne kjem vi til å leike, synge, ete god mat, gå på oppdagingsferd i kyrkja, og sist men ikkje minst sove over i kyrkja! På sundag et vi frukost saman, før vi førebur oss til gudstenesta. Når denne tek til, skal vi vere med og vise kva vi har øvd på. Foreldre og sysken er hjarteleg velkomne til å bli med på gudstenesta.

Vi samlast laurdag 17. november kl.1630 i Dalsfjord kyrkje og er ferdige i kyrkja etter gudstenesta søndag 18. november, ca klokka 1200. Alle som kjem får sitt eige LysVaken t-skjorte!

Snakk med dei vaksne i huset og be dei melde deg på innan **11.november** til kyrkjekontoret.

Ta med : Sovepose, liggeunderlag, tannkost, bibel, ei tom blikkboks eller syltetøyglas, lommelykt , nattøy, uteklede, ullsokkar, ein varm genser og eit skift til søndag.

Deltakaravgift: **Kr. 100,-** som de betalar når de kjem til kyrkja.

Viss du er litt nysgjerrig kan du lese meir om LysVaken på www.lysvaken.org

Der kan du og laste ned Mp3-fil av LysVaken-sangen heilt gratis!

Vi sjåast!

Med vennleg helsing

Runhild Hånes Aksnes
kyrkjelydspedagog

Evy Kvamsdal
prest

(På baksida er det eit brev til foreldra dykkar.)



Hei foreldre og føresette!



Helga 17.-18. november skal vi ha eit arrangement for 11- og 12-åringane her i Dalsfjord kyrkje. Alle i denne aldersgruppa frå Dalsfjord, Kilsfjord og Austefjord sokn vert inviterte til å vere saman denne helga.

LysVaken handlar om å vere lys vakne for det som skjer rundt oss. Vi skal vere lys vakne for kvarandre, for Gud og for oss sjølve. Gå inn på www.lysvaken.org for meir informasjon. Arrangementet er ein del av trusopplæringsreforma i Den norske kyrkja og vert gjennomført i mange kyrkje i heile Noreg.

Vi samlast laurdag 17. november kl.1630 i Dalsfjord kyrkje. Der vil vi ha eit variert program med leikar, aktivitetar ute og inne, førebuing av gudsteneste, måltid og sosialt samvær. Når kvelden kjem, søv vi over i kyrkja. Søndag et vi frukost saman, før vi gjer dei siste førebuingane til gudstenesta, og avsluttar med å feire gudsteneste saman kl.11. Då er de velkomne til å delta, og hente borna heim når den er ferdig ca kl.12.

Vi står for all mat og drikke, og kjøper inn snop til ungane til laurdagskvelden, så dette bed vi dykk om at borna ikkje har med seg.

Viss dykkar barn har behov for oppfølging eller tilrettelegging som vi treng å vite om, gje oss melding om dette. Då kan vi saman legge til rette for at LysVaken blir ei flott oppleving. Dersom 11- eller 12-åringen synest det er for skummelt å overnatte i kyrkja, er det høve til å vere med på alt programmet, men verte henta heim for natta.

Alle arrangement treng frivillige, slik òg i kyrkja vår. Har du høve til å vere med og delta heile helga eller enkelte oppgåver – er vi glade for å ha deg med!

Vi treng fleire til å vere saman med oss heile helga, og overnatte saman med oss. Men vi treng òg folk til å vere nattevakter, lage mat/rydde, eller vere med delar av helga. Vi håper de har høve til dette! Ver snill og kryss av på påmeldinga ☺ kva de kan hjelpe med.

Vi ønskjer borna hjarteleg velkomen til eit flott opplegg i kyrkja vår!

Påmelding via heimesida vår: www.volda.kyrkja.no . Påmeldingsfrist: søndag 11. november.

Ved spørsmål kan de sende e-post til kyrkjelydspedagog Runhild Aksnes: runhild@volda.kyrkja.no eller ringe henne: 4889 3781.

Meir informasjon kjem når arrangementet nærmar seg.

Vi ønskjer borna hjarteleg velkomen til ei spennande oppleving i kyrkja!

Venleg helsing

Runhild Hånes Aksnes
kyrkjelydspedagog

Evvy Kvamsdal
prest



STØRST AV ALT